

# Informasjon om val av ny l ringsplattform

## Bakgrunn

Dei 10 kommunane i IKT-samarbeidet IKTNH har nytta itslearning som l ringsplattform fr  tidleg p  2000-talet. Nordhordland kompetanseregion sette i november 2016 ned ei arbeidsgruppe for   evaluere bruken av l ringsplattforma. Representantar fr  kommunane, IKTNH og NKR var med p  ein studietur til London Bett i januar 2017 for   orientere seg i kva alternativ som var i marknaden. Arbeidsgruppa konkluderte med at det var behov for   starte ein prosess for   f  tilgang til meir oppdatert og framtidretta verkt y. Kommunane  nska   redusere kostnadane og   f  samordna lisensane for eit LMS (Learning Management System) p  samme m te som for dei andre fagsystema i Nordhordlandsamarbeidet. Det var ogs  krav til kommunar som innkj par   innhente tilbod fr  fleire tilbydarar n r kontraktar g r ut og skal fornyast. R dmannsgruppa godkjende i juni 2017 eit prosjekt som skulle munne ut i ein anbodsprosess for eit nytt LMS.

## Anbodskonkurransen

Bj rn Tore Vaktskjold vart engasjert som prosjektleiar. Medlemar i prosjektgruppa har vore:

- Gaute Kleiveland – IT-l rar Oster y kommune
- St le Kallestad Hesjedal, IT-l rar Vaksdal kommune
- Yngve Vet s – l rar/IT-r dgjevar Lind s kommune
- Jarle N ess - hovudtillitsvalt UDF
- Hogne Brunborg – rektor Meland kommune
- Jo T mmerbakke – kommunalsjef Rad y kommune (gjekk ut av gruppa d  han byrja som r dmann i Modalen).
- Dina Dyrhovden – koordinator-NKR

Med utgangspunkt i analysar av erfaringar og behov utarbeidde prosjektgruppa kravspesifikasjonar og det vart 15.01.18 lyst ut ein open anbodskonkurransen med frist 15.02.18 kl 1200. D  fristen gjekk ut var det 2 tilbydarar som hadde levert tilbod. Det var to fullverdige l ringsplattformer som l g f re og prosjektgruppa skulle d  velge det beste alternativet vurdert etter kriteriane:

- **Teknisk l ysing** (i dette var vurdert leveranse i h ve til kravspesifikasjon, presentert funksjonalitet, brukarvennlighet/grensesnitt). Vekting 60 %.
- **Pris og total konomi** for avtaleperioden p  4  r, med opsjon p  ytterlegar 2  r + 2  r. Vekting 30 %.
- **Planar og leveranse** (i dette leveransetider/plan, oppl ring og support) Vekting 10 %.

Prosjektgruppa gjennomf rte ein slik prosess for   velje tilbydar:

- 21.02.18: Oppstart arbeid med evaluering av tilboda etter kriterier.
- 20.03.18: Begge tilbydarane hadde presentasjon av l ringsverkt yet for 3 referansegrupper best ande av av elevar (8.-10. klasse) foreldre og l rarar fr  kommunar som ikkje hadde representantar i prosjektgruppa. Prosjektgruppa deltok ogs  p  presentasjonen. Etter presentasjonen vart det arbeida gruppevis og elevar, foreldre og l rarar gav prosjektgruppa r d om kva som var viktig   vektlegge i den vidare prosessen for   velge leverand r.

- 23.03.18: Forhandlingsm te med tilbydarane.
- 10. og 11.04.18: Innhenting av referansar
- 11.04.18: Endeleg val av leverand r

Mellom desse m tene har prosjektgruppa hatt egne arbeidsm ter.

### **Grunngjeving for valet**

Prosjektgruppa valte Canvas, Instructure grunngjeve med:

- Meir moderne, framoverlent
- Funksjonalitet, «s ml shet», intuitivt
- Laga i «skyn» for «skyn», «s ml s» integrasjon mot Office365
- Tilgjengeleg appar for l rarar, elevar og foreldre
- Pris - reduserte lisenskostnader
- Fleksibilitet – st rre verkt ykasse
- Meir open l ysing som kan ta imot alle slags format, funksjonar og ressursar
- Mottakeleg for innspel, er i utvikling
- Me f r siste versjon n r den er tilgjengeleg
- Ei l ringsplattform for framtida
- Ei plattform for   l re, ikkje berre administrere l ring



Prosjektgruppa fekk klare r d fr  referansegruppene om at Canvas var f retrekt. Referansane me innhenta bekrefta inntrykket, vurderingane og valet som prosjektgruppa gjorde.

### **Implementering og oppl ring**

M let for prosjektet var oppstart med oppdatert/ny LMS fr  skulestart 2018. Grunna klageprosess vart prosjektoppstart noko forseinka. Kommunane er noko ulikt klare og vil ha litt ulike tidspunkt for   ta verkt yet i bruk. M let er at alle kommunane skal ha teke Canvas i bruk i 2019.

#### **Teknisk implementering:**

- Det er oppretta kontakt mellom Canvas, Instructure og IKTNH som er starta p  arbeidet med det tekniske. Det er FEIDE-p logging i Canvas. Du nyttar same brukarnamn og passord som ved innlogging p  PC. Visma Flyt skole og Canvas snakkar saman. Det er Visma Flyt skole som skal styre alle klassegrupper i Canvas. Det er sv rt viktig at opplysingane i Visma Flyt skole er oppdaterte og at l rarar, elev og fag er knytt saman p  rett m te.
- Oppsett: Kvar kommune f r sitt område med eige kommunev pen og egne fargar. Det skal vere m te med alle kommunekontaktane 12.06.18 der dette er tema.

### Opplæring:

- Canvas, Instructure har laga en plan for implementering og opplæring bygd på deira erfaringar i andre prosjekt. Strategien er «teach the teachers» = superbrukarar, lokal opplæring, webinar/nettbaserte kurs og tilgang til forum (Communities).
- Superbrukarkurs: Den første informasjon om og introduksjon i det nye verktøyet for superbrukarar vert gitt før ferien. Skulane får tildelt 1 til 3 superbrukarar ut frå storleik på skulen. Me rår til at ein av superbrukarane er ein frå leiinga (inspektør/rektor). Canvas inviterer til pedagogisk utvikling i høve til vurdering og undervisningsmetodar. Forankring hjå skuleleiinga, som leier utviklingsarbeidet på den enskilde skule, vert ein superviktig nøkkel. Skular som får 1 superbrukar har difor rektor/inspektør med på kurset. Superbrukarar frå kvar skule melder seg på dagsamling ein av datoane 13., 14. eller 15. juni. Superbrukarar sine oppgåver: Setje seg inn i og prøve ut, gje opplæring i bruk av Canvas til pedagogisk personale på sin skule og støtte sine kolleger i bruk og utvikling.
- Det pedagogiske personalet = alle som arbeidar inn mot elevane si læring må få tilgang til, lære og ta i bruk verktøyet.
- Opplæring for pedagogisk personell skjer også på webinar (nettbaserte kurs) utover hausten. Alle webinarane vert filma og ligg tilgjengeleg for seinare bruk, td om du ikkje har høve å delta på det aktuelle tidspunktet eller ved nyttilsetjingar.
- Vidare kursing: I løpet av skuleåret 2018/19 har IKTNH i avtalen ytterlegare 7 kursdagar for superbrukarar. Viktige tema vert elevtavla (eleven sin individuelle utviklingsplan, IUP) og undervestvurdering. Halvårsvurdering og sluttvurdering vert gjort i Visma Flyt Skole.
- Det vert ikkje lagt opp til kurs for elevar og foreldre, då verktøyet er så intuitivt i bruk. Hjelp til elevar for pålogging og til å orientere seg er det naturleg at lærar gjev i undervisinga.

Me gjer merksam på at om ny versjon av itslearning hadde blitt valt, ville det også vore behov for opplæring. Det låg også i itslearning sitt tilbod føre ein gjennomarbeidd plan for dette.

### Språk:

- Canvas, Instructure er utvikla i USA. Instructure har kontor i London og har representantar og tilsette i Noreg.
- IKTNH skal ha Canvas på nynorsk.
- Opplæringa av administratorar og superbrukarar med eksterne instruktørar vert på engelsk. Webinarane føregår også på engelsk.
- Referansane me har innhenta opplyste om at dette ikkje har hemma utvikling og implementering.

### Overgang til Canvas:

- Kommunane har ulike stoppdatoar p  avtalar med itslearning. Det er sikra at itslearning er oppe og g r medan vi l rer, utviklar oss, deltek p  nettbaserte og fysiske kurs, flyttar filer, opprettar fag og tilpassar Canvas.
- Migrasjon: Det vil vere mogeleg   flytte over filer og dokument fr  noverande til ny l ringsplattform. Du vil f  melding om n r og korleis dette skal gjerast. Testar/quizar som er laga i itslearning vil du sannsynlegvis ikkje kunne flytte.
- Dei f rste skulane vil ta Canvas i bruk fr  01.09.18. Andre kommunar/skular vil ta overgangen 01.01.19 eller 01.08.19. Det vil kome n rare informasjon om dette. Det skal utarbeidast ein konkret implementeringsplan for regionen og kvar kommune. Dette arbeidet vert koordinert gjennom NKR.

### Support:

- Det skal vere vekentleg kontakt mellom n kkelpersonar i IKTNH og v r tildelte successmanager i Canvas.
- Det vert lagt opp til at superbrukarane kan melde inn sp rsm l til support gjennom ei felles e-postadresse og samstundes f lgje tr den til andre henvendelsar. Elles vert det som hovudsak lagt opp til at sp rsm l vert svart p  gjennom eit forum «Canvas community» av brukarar i verda, der ogs  Canvas har tilsette som deltek og svarar. Alle brukarar har tilgang til   sp rja i dette forumet.

### Tilgang til Canvas:

N r Canvas er opna for din kommune/skule f r du ein e-post med melding fr  Instructure, Canvas om at du m  klikke p  ei lenke for   fullf re registreringa. Du er d  inne og kan starte med   oppdatere profilen din og orientere deg i det nye verkt yet. Legg gjerne til eit profilbilete av deg sj lv! Det er kjekt   sj  kven me samarbeidar med.

[Click here to finish the registration process](#)


You have been registered for a Canvas account at IKTNH! Before you can log in and start using Canvas, you'll need to finish the configuration process.



[Update your notification settings](#)

### Appar:

Det er tilgjengeleg appar for elev, l rar og foreldre. Foreldreappen vert tilgjengeleg for foreldra n r kommunen/skulen har lagt inn eit innhald og aktiverer den.



### Lenker til aktuelle dokument og sider:

#### Brukarretteiingar:

Norsk: <http://no.guides.instructure.com/>

Engelsk: <https://community.canvaslms.com/community/answers/guides/canvas-guide>

#### Canvas forum:

<https://community.canvaslms.com/groups/scandinavian-user-group>

<https://community.canvaslms.com/>

#### Canvas p  Facebook:

<https://www.facebook.com/CanvasLMS/>

### Nokre ord fr  tillitsvalt som har delteke i prosessen:

Dette har vore ein spennande prosess, der mange omsyn m tte takast b de undervegs og n r det endelege valet skulle gjerast. Vi fekk mange tilbakemeldingar fr  tilsette p  kva dei meinte. Mange  nskte noko nytt, mens ein del  nskte   behalde det gamle fordi det krev mykje arbeid   g  over til noko anna. Det vi fekk stadfesta i v r kartlegging, var ein enorm variasjon i kor mykje av itslearning som blei brukt. Variasjon fr  kommune til kommune, mellom skulane i same kommune, og mellom dei tilsette p  den einskilde skule. Det har vore eit  nskje fr  alle niv  at bruken av l ringsplattform i undervisninga, til kommunikasjon mellom l rarar, mellom l rarar og elevar, og mellom l rarar og foreldre, m tte bli meir eins. Itslearning har hatt mange gode funksjonar som f  har tatt i bruk, og



som mange ikkje ein gong har kjent til, og den nye versjonen av Itslearning er p  nokre omr de heilt annleis enn den gamle. Konklusjonen var difor at uansett kva l ringsplattform vi landa p , s  ville det vere behov for full oppl ring for alle tilsette og elevar.

At vi til slutt landa p  Canvas, skuldast i stor grad dei tilbakemeldingane vi fekk fr  l rarar, elevar og foreldre som var til stades p  ein visningsdag der leverand rane fekk presentert sine produkt. Alle gruppene var einige om at Canvas s g ut til   vere meir framtidsretta, og enklare i h ve til oppl ring og bruk, ikkje minst for dei yngste elevane.

No skal alle inn i ein periode med oppl ring p  det nye og avvikling av det gamle. For at overgangen skal lukkast, og Canvas skal bli ein god l ringsplattform i aktiv bruk for alle tilsette og elevar, er det viktig   setje av god nok tid til oppl ring, b de saman og individuelt. Det f rste  ret er avgjerande for den vidare vegen. Om alle har som m l   kome seg raskt i gong med eit knippe av kjernefunksjonane, og deretter l rer seg  in ny funksjon kvar m nad, har dette alle moglegheiter til   bli vellukka.

Lukke til med det viktige og spennande arbeidet!

Jarle N ess, hovudtillitsvald Utdanningsforbundet Lind s

#### Forventningar:

- Me har forventningar til at Canvas skal vere eit verkt y til hjelp, st tte og utvikling for l rarar som skal legge til rette for **elevar si l ring og utvikling**
- Me har forventningar til at me som er **skuleeigarar og skuleleiarar** legg til rette for gode prosessar for   ta verkt yet i bruk
- Me har forventningar til at me som er **l rarar og assistentar** er nysgjerrige p  kva som er mogleg, set oss inn i og tek Canvas i bruk
- Me har forventningar til at me som er **elevar** er nysgjerrige og tek i bruk verkt yet; set oss m l, arbeidar for   n  m la og viser kompetansen me har f tt
- Me har forventningar til at me som er **foreldre** f r ein kanal for informasjon og oversikt over v rt/v re barn sine planar, oppg ver og hendingar

**Dette vert spanande! Me ser fram til samarbeidet og ynskjer oss alle lukke til!**

Knarvik 04.06.18

Bj rn Tore Vakt skjold, prosjektleiar IKTNH

Gaute Kleiveland, Oster y kommune

Jarle N ess, tillitsvalt UDF

Yngve Vet s, Lind s kommune

St le Hesjedal, Vaksdal kommune

Olaf Hella, Rad y kommune

Hogne Brunborg, Meland kommune

Dina Dyrhovden, koordinator-NKR